

## Styremøte

**Tid:** 31. januar 2008, kl 19:00

**Stad:** Hos Rune i Angedalsvegen, Førde

**Tilstades:** Leif Laacke, Heidi Fureli, Guttorm Kleppe, Sissel Strømen og Rune Berge

**Skrivar:** Guttorm Kleppe

### 1. Orientering om ståa til kajakkbasen og naustet

- a. SKK har fått overdratt frå fylke 6stk av kajakkane, tilhengaren og ein lavo. Det fører til at SKK no er herre over alle kajakkar, men vi misser årlege inntekter frå fylke. Noko som gjer til at det blir noko mindre med fast inntekter til SKK.
- b. Guttorm og Thomas har endra opphenga av kajakkar. Og ein satsar på og få opp dei stativ som er planlagt. Pluss ein satsar på og få på plass golv i naustet i løpet av våren.
- c. Rune sjekkar ut korleis det ligg an med resten av tilskotet til naustet. Vi satsar på å handle inn det som skal til for å lage ei "varmestove" i naustet. Føresetnaden for å gjere dette er at vi enno kan få dei resterande 15% av tilskotet til naustet.

### 2. Førebuing til årsmøte (14.feb kl.1900)

- a. Arbeidsoppgåver. Rune har ordna lokale i Berge bygget.
- b. Saker:
  - i. målsetting i SKK, kva satsingar skal vi tillate
  - ii. styre går for at ein fortsett med den kontingent som ein har
  - iii. bruken av tildelte midlar
  - iv. nemne det om utleigeprisar, som er ei inntektskjelde til SKK
- c. Styre har forslag til ny leiar, kasserar og vara. Det vil bli signalisert til valnemnda av Rune.

### 3. Tankar rundt tildelte midlar

- a. Styre føreslår at ein tar det som sak på årsmøte.

### 4. Oppsummering av 2007

- a. -Bowlingfest -Deltaking på vårsamling til Njord -Tur til Lifjorden -deltaking på Sumposiumet -Åreleiken -Dnt padling i Sollund -Stormsamling i Bulande

### 5. Investering i elvebase

- a. Styre har som intensjon og prøve få til ein liten base med elvekajakkar.

### 6. Utskifting av årer

- a. Satsar på og selge Galasportårene for 400,- per åre med kajakk som blir seld.

### 7. Invitasjon til SKK om deltaking på Havlande kajakkfestival

- a. Guttorm svarar til Kystaktiv at vi tar og utformar deltaking og leige av kajakkar når SKK har hatt årsmøte.

### 8. Utleigeprisar

- a. Overlate til nytt styre 2008 og utforme utleigeprisane.

### 9. Pris på bassengtrening

- a. Auke prisen frå 50 til 100kr per pers.